



Protokoll årsmøte 20. mars 2024

Valldal idrettslag

Sak 1 Godkjenne stemmerett til dei frammøtte

Alle dei 22 medlemmane som møtte var over 15 år og hadde vore medlem i idrettslaget minst ein månad.

Sak 2 Godkjenne innkalling og sakliste

Årsmelding har vore kunngjort i Storfjordnytt og på Valldal IL si heimeside.
Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 3 Konstituering

Val av ordstyrar - Magne Eivind vald vald som ordstyrar

Val av skrivar - Monika Høydal Lingaas vart vald som skrivar

Val av 2 personar til å skrive under møtebok – Einar Hoel og Kristi Linge Stakestad vart vald til å skrive under protokollen.

Sak 4 Årsmelding 2023

Vedtak: Årsmelding 2023 for Valldal idrettslag samrøystes vedteken

Sak 5 Rekneskap 2023

Vedtak: Årsmøtet tek kontrollutvalet si årsmelding til vitande.

Rekneskap 2023 for Valldal idrettslag samrøystes vedteken

Sak 6 Saker til behandling:

1. Vurdere kjøp av festetomt 10/1/4 Valldal stadion
2. Strategi for å auke sponsorinntekter.
3. Bytte lysarmatur til LED i lysløypa, finansiering.
4. Stillinga som dagleg leiar.

1. Vurdere kjøp av festetomt 10/1/4 Valldal stadion

Bakgrunn for saka:

- Festeavtalen for festetomt 10/1/4 vart inngått i 1983 for 50 år.
- Denne vart fornya i 2022 ved generasjonsskifte for gjenstående 11 år.
- Arealet er 15 227 m². Valldal stadion. Jf vedlagt kart.
- Det vart inngått festeavtale på tilleggsareal 10/1/5 i 2016 for 30 år.
Denne vart også fornya i 2022 med ein årleg kostnad på kr. 5000.
Dette arealet er ikkje ein del av tilbodet som er lagt fram.

- Grunneigar kom med tilbod om utkjøp av festetomt til kr. 1.420.000 i 2023.
- Etter forhandling er denne summen no redusert til kr 1.175.716.
Dette tilbodet er gyldig til 1. mai.
- Det er forsøkt å få prisen endå lågare, men grunneigar meiner at dette er eit godt tilbod. Ved utkjøp vil idrettslaget spare festeavgifter på om lag kr. 470.000 dei neste 10 åra.
- Valldal IL har betalt kr. 47.500 i festeavgift dei siste åra inkludert festetomt 10/1/5.
Ifølge SSB sin priskalkulator vil verdien auke til kr. 58.000 dei neste 10 åra.
- Utkjøp av festetomta etter endt festetid i 2033 vil bli på 1.451.000.

Finansiering:

- For å finansiere eit kjøp må vi søke om sponsorstøtte frå ulike hald.
- Sparebanken Møre er positive til å yte lån.
- Likviditeten i idrettslaget er god og ved interne lån innad i laget vil vi unngå å ta opp eit større lån i første omgang. Det må gjerast avtale for tilbakebetaling av interne lån.
- Det er innhenta synspunkt frå Idrettsforbundet, men dei har ikkje nokon innvending på tilbodet som er lagt fram.

Vi har to alternativ:

1. Kjøpe arealet i tråd med tilbodet.
2. Fortsetje å betale festeavgift i tråd med inngått avtale, men med auka pris.

Innstilling frå styret:

Styret går inn for alternativ 1, å kjøpe festetomt 10/1/4 i tråd med tilbodet.

Årsmøtet gir styret fullmakt til å ta opp lån stort inntil kr. x til finansiering av kjøp av festetomt 10/1/4 Valldal stadion. Årsmøtet stadfestar at Sparebanken Møre kan ta pant i klubben sin eigedom, 10/1/4 med obligasjon pålydande kr. X.

Vedtak: Styret kan jobbe vidare med taksering av arealet ein ekstern part, det må vurderast om det er sett rett pris på arealet. Valldal IL søker om Fjord kommune kan overta areala som eigar på gbf. nr 10/1/4 og 10/1/5 på lik linje med andre idrettsstadionar i Fjord kommune. Ny saksutgreiing må behandlast på ekstraordinært årsmøte innan utgangen av april.

2. Strategi for å auke sponsorinntekter

Sponsorgruppe er oppretta og jobbar med auka sponsorinntekter. Fordeling av sponsorinntektene mellom hovudlaget og gruppene må vurderast.

Innstilling frå styret:

Sponsorgruppa må jobbe aktivt med å skaffe sponsorinntekter frå fleire.

Målsetjinga er å doble desse inntektene.

Årsmøtet gir styret fullmakt til å revurdere fordeling av sponsorinntekter mellom hovudstyret og gruppene.

Vedtak: Sponsorgruppa må jobbe aktivt med å skaffe sponsorinntekter frå fleire.

Målsetjinga er å doble desse inntektene.

Årsmøtet gir styret fullmakt til å revurdere fordeling av sponsorinntekter mellom hovudstyret og gruppene.

3. Bytte lysarmatur til LED i lysløypa, finansiering.

Det må lagast ein plan for finansiering av nye LED lysarmatur til LED i lysløypa. Kostnadsoverslag blir innhenta.

Innstilling frå styret:

Det blir satt i gang planlegging av utskifting av lysarmaturar til LED i lysløypa.

Det kan søkast om spelemidlar til dette. Det blir søkt om støtte frå Sparebanken Møre og andre.

Vedtak: Det blir satt i gang planlegging av utskifting av ca 100 lysarmaturar til LED i lysløypa/stadion.

Det kan søkast om spelemidlar til dette. Det blir søkt om støtte frå Sparebanken Møre og andre. Private kan kjøpe sitt lyspunkt.

4. Stillinga som dagleg leiar

Olav har sagt opp stillinga si som dagleg leiar. Årsmøtet må vurdere om det er økonomi til denne stillinga vidare framover, og om dette gir avlastning for styreleiar og styret i Valldal IL.

Innstilling frå styret:

På grunn av den økonomiske situasjonen avventar vi eventuell utlysing av stillinga som dagleg leiar. Årsmøtet gir styret fullmakt til å lyse ut stillinga på nytt i inntil 20 prosent dersom økonomien tillét dette på eit seinare tidspunkt.

Vedtak: På grunn av den økonomiske situasjonen avventar vi eventuell utlysing av stillinga som dagleg leiar. Årsmøtet gir styret fullmakt til å lyse ut stillinga på nytt i inntil 30 prosent dersom økonomien tillét dette på eit seinare tidspunkt.

Sak 7 Medlemskontingent frå 2025

I samsvar med Lov for Valldal idrettslag skal årsmøtet kvart år fastsetje medlemskontingenten. Styret foreslår å auke kontingenten med kr. 50 per medlem, familie med kr. 100 og innføre støtte-medlemskap på kr. 300.

Vedtak:

Medlem under 18 år	kr. 250
Medlem 18-24 år	kr. 250
Medlem 25 år og eldre	kr. 450
Pensjonist	kr. 350
Familie	kr. 700

Årsmøtet gir gruppene fullmakt til å fastsette treningsavgifter.

Sak 8 Budsjett 2024

Vedtak: Budsjettet vert samrøystes vedteke

Sak 9 Arbeidsplan 2024

Både hovudlaget og gruppene bør utarbeide meir realistiske arbeidsplanar.

Vedtak: Arbeidsplanen vert samrøystes vedteken med følgande endring. Utsifting av lyspunkt i lysløypa/stadion skal inn i arbeidsplanen til hovudlaget.

Sak 10 Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan

I samsvar med Lov for Valldal idrettslag skal årsmøtet behandle laget si organisering.

Det er ingen forslag til endringar.

Vedtak: Det vert ikkje endringar i Valldal idrettslag si organisering.

Sak 11 Val

Leiar:	Magne Eivind Glomnes 2024	(attval)
Nestleiar:	Erlend Ringstad	2024-2025 (ny)
Styremedlem:	Malene Vinsnesbakk	2024-2025 (ny)
Styremedlem:	Monika Høydal Lingaas	2023-2024 (Ikkje på val)
Styremedlem:	Lars Petter Hauge	2023-2024 (Ikkje på val)
1.varamedlem:	Børge Heggen Johansen	2024
2.varamedlem:	Liv Marit Indreeide	2024

Kontrollutval

Medlem:	Maria Dvergsdal	2024-2026	ny
Varamedlem:	Per Magnus Berdal	2023-2024	(ikkje på val)
Varamedlem:	Lars Thomas Bersås	2023-2024	(ikkje på val)

Valnemnd

Forslag frå styre

Leiar	Oddbjørn Hjeltreie	Mykelbust 2022 – 2024 (ikkje på val)
Medlem:	Kristin Sandnes	2023 – 2025 (ikkje på val)
Medlem:	xx	2024 – 2026 (ny)

Vedtak: Styret får fullmakt til å skaffe ny medlem i Valnemnda

Magne Eivind Glomnes og Erlend Ringstad blir vald til utsendingar til årsmøtet i Fjord idrettsråd

Disksport:

Leiar	Richard Moen	2024-2025	(attval)
Styremedlem	Bjarte Grønningsæter	2023-2024	(ikkje på val)
Styremedlem	Karoline Nerli	2024-2025	(ny)
Styremedlem	Henrik Andersen	2024-2025	(attval)
Styremedlem	Linda Lødøen	2023-2024	(ikkje på val)

Fotball:**Leiar**

Styremedlem	Peder Iver Linge	2024	
Styremedlem	Caroline Bertha Remset	2023-2024	(ikkje på val)
Styremedlem	Terje Hoel	2023-2024	(ikkje på val)
Styremedlem	Nina Sjøblom	2024-2025	(ny)

Forslag til leiar må vere på plass til ekstraordinært årsmøte

Ski:

Leiar	Jan Ole Fuglem	2024-2025	(attval)
Nestleiar	Anne Gry Myklebust Vestre	2023-2024	(ikkje på val)
Kasserar	Geir Arne Myren	2023-2024	(ikkje på val)
Styremedlem	Ragnhild Bjørstad Vikene	2024-2025	(attval)
Styremedlem	Ragnhild Hoel	2024-2025	(ny)

- 1.varamedlem Per Jomar Nerli
- 2.varamedlem Hans Martin Gjedrem

Friidrett – trim

Leiar	Magne Eivind Glomnes	2023-2024	(ikkje på val)
Nestleiar	Vibeke Valdøl Myeza	2023-2024	(ikkje på val) (medl i hovudstyret)
Kasserar	Jürg Barthel	2023-2024	(ikkje på val)

- 1. varamedlem Dagrund Rem
- 2. varamedlem Anita Dyb Linge
- 3. varamedlem Anniken Hjelbakk Hole
- 4. varamedlem Øyvør Grue Berdal

Vedtak: Alle vart samrøystes valde

Dato:

29.03.24

Signatur

Signatur